



Stad kommune
Rådhusvegen 11
6770 NORDFJORDEID

Saksbehandlar, innvalstelefon
Marit Lunde, 57 64 30 05

Stad kommune - budsjett 2021 og økonomiplan 2021 - 2024

Stad kommunestyre har i møtet 10.12.2020, sak 20/201, handsama og vedteke budsjett 2021 og økonomiplan for 2021 – 2024. Statsforvaltaren har motteke saksdokumenta til orientering.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer Statsforvaltaren at budsjett og økonomiplan er i balanse, og at det ikkje er budsjettert med uspesifiserte innsparingar. Dette brevet er ei enkel tilbakemelding om korleis Statsforvaltaren vurderer kommunens økonomi og utviklinga slik ho er planlagt i budsjett og økonomiplan.

Som følgje av covid-19 får kommunane ulike utfordringar med økonomien. Våre vurderingar er gjorde med grunnlag i kommunens opphavlege budsjett og økonomiplan, og vi vil følgje konsekvensane av covid-19 særskilt opp i samband med statlege tiltak som blir sett i verk.

Oppsummering

Stad kommune sine budsjett og økonomiplandokument viser ein utfordrande økonomi i planperioden. Kommunen budsjetterer med negative netto driftsresultat dei første åra, men med eit positivt resultatet siste året av perioden. Det er krevjande å oppnå balanse i drifta, og kommunen bør framover styre etter dei vedtekne måltala sine for å oppnå økonomisk berekraft og eit handlingsrom som er nødvendig. Førebelse rekneskapstal frå det første driftsåret i den nye kommunen (2020) viser eit godt resultat. Om tala er rette vil dette endre resultatata for dei første driftsåra i økonomiplanen.

Gjeldsnivået er høgt, og kommunen bør søke å redusere gjelda i samsvar med handlingsreglane i staden for at gjelda aukar i perioden. Dette er både for å oppretthalde eit godt tenestnivå, men og sett i lys av at det er budsjettert med eit lågt rentenivå heile perioden og at andre vesentlege inntektskjelder er usikre.

Budsjett 2021

Budsjettet er i balanse og det er budsjettert med at driftsresultatet på minus 11,7 mill. kroner skal dekkast inn ved bruk av fond. Resultatet utgjer minus 1,35 prosent av brutto driftsinntekter, og ligg



derfor godt under det anbefalte nivået frå TBU (Teknisk berekningsutval) på 1,75 prosent. Innestående på disposisjonsfond ved inngangen av 2021 utgjør om lag 64 mill. kroner.

Samla driftsinntekter i Stad kommune utgjør om lag 865 mill. kroner, og resultatet er ut frå dette lågt, sjølv om dette kanskje var forventa i andre driftsåret i den nye kommunen. 2020 vart eit spesielt år med ekstra inntekt frå reformstøtte som ny samanslått kommune, mykje arbeid med samanslåinga gjennom året, i tillegg til covid-19 med ekstraordinære inntekter og utgifter. Det er derfor vanskeleg å samanlikna tala med ein ordinær driftssituasjon, også sett bort frå covid-19, sidan ein ikkje har historiske tal å samanlikne med.

Budsjetterte skatteinntekter og rammetilskot (frie inntekter) samanlikna med KS-prognosemodell etter statsbudsjettet og modell oppdatert med nye folketal i januar, viser at kommunen ligg om lag 1,2 mill. kroner høgare i budsjettet på forventa skatteinntekter, enn det prognosemodellen visar.

Inntekter frå Havbruksfondet er budsjettert til 4,5 mill. kroner, og flykntingstilskot på 19,2 mill. kroner med grunnlag i mottak av 30 flykntingar. Eigedomsskatteinntekter er vidareført med 3,5 promille for heile perioden.

Det er budsjettert med nye investeringar i 2021 på om lag 41 mill. kroner, der investeringar i VAR utgjør 10 mill. kroner. Nye låneopptak utgjør 35,7 mill. kroner. Dei største investeringane er til oppgradering av kommunale bygg, oppstart helsesenter i Selje, og bustadfelt Bryggja, Haugen og Hjelle. Langsiktig gjeld per 31.12.20 utgjorde 1,17 mrd. kroner. Dette utgjorde om lag 122 prosent av brutto driftsinntekter. For landet (eks. Oslo) er talet 117,2 prosent. Stad ligg derfor over snittet for landet når det gjeld langsiktig gjeld i prosent av driftsinntekter. Gjeld pr 31.12.21 er budsjettert til om lag 1,17 mrd. kroner, som utgjør om lag 135 prosent av brutto inntekter.

Økonomiplan 2021 – 2024

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyrets prioriteringar og løyvingar og dei mål og premissar som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Kommuneplanens handlingsdel, med same formål, kan inngå i økonomiplanen.

Netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter for 2022 - 2024 viser negativt resultat i 2022 med minus 11,3 mill. kroner (minus 1,31 prosent), minus 2,7 mill. kroner (minus 0,31 prosent) i 2023, og eit resultat i pluss på omlag 673 000 kroner (om lag 0 prosent) i 2024. Det er derfor budsjettert med bruk av bundne fond og disposisjonsfond i åra med negativt resultat for å balansere drifta. I handlingsreglane er det vedteke at ein skal jobbe vidare med innsparingstiltaka i kommunen gjennom heile perioden.

Det er elles ikkje vesentlege endringar i dei budsjetterte inntektene i perioden. Eigedomsskatt blir vidareført med 3,5 promille, konsesjonskraftinntekter blir budsjettert med 50 000 kroner kvart år, utbytte frå SFE og Sogn og Fjordane Holding er lagt inn med 3,6 mill. kroner. Avkastning på investeringsfondet og annan overskotslikviditet er budsjettert om lag med same sum (om lag 7 mill. kroner) kvart år. 65 prosent av porteføljen er plassert i rentemarknaden, og 35 prosent i aksjemarknaden. Heile den budsjetterte avkastninga er vedteken brukt i drifta. Inntekter frå Havbruksfondet er budsjettert med ei auke på 1,9 mill. kroner i 2022 til 6,4 mill. kroner og deretter ei auke på 1 mill. kroner dei siste to åra.



Folketalet har auka siste året med 0,63 prosent, til 9 517 innbyggjarar pr 1.01.21. Dette betyr at Stad ligg over snittet for landet som er på 0,44 prosent.

Overføringer til dei ulike rammeområda viser at kommunen fortset med innsparingstiltaka og reduksjonar innanfor alle tenestemråde. Størst reduksjon er innanfor oppvekst og opplæring første åra.

Investeringane aukar att frå 2022 og utover i perioden. Dei største investeringane som belastar kommunebudsjettet er symjebasseng i Selje, beredskapssenter Nordfjordeid, helsesenter og brannstasjon i Selje, og ny barnehage. Samla investeringar i perioden utgjer 268 mill. kroner, 222 mill. kroner av desse skal finansierast med låneopptak.

Finansielle måltal

Etter kommunelova § 14-2 bokstav c skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal (handlingsreglar) for utvikling kommunens økonomi. Finansielle måltal skal brukast i planlegging og styring, som grunnlag for å ta i vare den økonomiske handleevna over tid. Kommunestyret har vedteke følgjande handlingsreglar/finansielle måltal:

- Nye årlege låneopptak skal gjennomsnittleg over to år ikkje vere større enn det kommunen betalar i årlege avdrag på lån. Låneopptak til sjølvkostområdet kan kome i tillegg.
- Kommunen sitt disposisjonsfond skal i økonomiplanperioden vere av ein storleik som utgjer minimum 10 % av frie inntekter som kommunen får frå staten (rammetilskot, inntektsutjamning og skatteinntekter).
- Korrigert netto driftsresultat skal vere på minimum 1,75 % av samla driftsinntekter innan 2024.

Kommunen skriv vidare at dei ikkje greier å etterleve desse måla fullt ut i den inneverande perioden, men at dei på sikt vil leggje desse til grunn.

Statsforvaltarens vurderingar

Førebelse rekneskapstal frå det første driftsåret i den nye kommunen (2020) viser eit godt resultat, og ei god økonomisk utvikling frå dei tidlegare kommunane i 2019 til den nye kommunen i 2020. Om tala er rette vil dette endre resultatata for dei første driftsåra i økonomiplanen.

I heile planperioden ligg det inne ein føresetnad om at ein må nå måla om innsparingstiltak. I tillegg er kommunen avhengig av at inntekter som ein ikkje sjølv rår over, kjem inn slik det er budsjettert. Det er og budsjettert med lågt rentenivå i heile perioden.

Kommunen sitt gjeldsnivå er høgt, og vil auke utover i perioden. Ein ser då bort ifrå handlingsregelen om at nye årlege låneopptak skal gjennomsnittleg over to år ikkje vere større enn det kommunen betalar i årlege avdrag på lån. Ein høg del av gjelda, om lag 80 prosent i 2020, er renteeksponert eller utsett for rentesvingingar. Sett i samanheng med driftssituasjonen oppmodar vi om meir moderate låneopptak i planperioden. Dette både for å unngå at meir midlar skal gå med til å dekke renter og avdrag, men og for å oppretthalde eit godt tenestenivå.

Det anbefalte nivået på disposisjonsfond i prosent av brutto inntekter frå TBU er 5 prosent. Inneståande på disposisjonsfond ved inngangen av 2021 utgjer om lag 64 mill. kroner.



I tillegg til bruk av delar av disposisjonsfond blir det nytta bundne fond til å dekke delar av underskotet i perioden. Trass i dette når kommunen målalet som er sett for storleiken av fond. Statsforvaltaren føreset at kommunen har vurdert at dei bundne fonda kan nyttast, og at dette er midlar som kommunestyret sjølv har sett av til fond tidlegare.

Framover bør kommunen styre etter dei vedtekne måltala sine, for å oppnå økonomisk berekraft og eit handlingsrom som er nødvendig, til beste for innbyggjarane i Stad.

Dei innsende dokumenta er oversiktlege og informative, og det er lagt inn mål og delmål for dei ulike tenestoområda. Det er positivt at plandokumentata blir tufta på FN sine berekraftsmål når det gjeld utforming av nye Stad kommune.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid
fung. Statsforvaltar

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent